

Krav om nytt filformat for betalinger i euro

Frå 31. oktober 2016 krev Finansavtalelova at betalinger i euro blir sendt i samsvar med ny internasjonal standard.

Bakgrunnen for endringa er tilpassing til EU sitt regelverk for eurobetalingar. Norge deltar i SEPA (Single Euro Payments Area), som er eit felles betalingsområde for euro. Det er difor bestemt at alle betalinger i euro skal utførast i samsvar med ein ny internasjonal standard, for å gjere det enklare å handle på tvers av land i Europa.

SEPA og ISO – standardiseringa gjer betalingsformidlinga meir effektiv og føreseieleg. Betalingane vil innehalde same informasjonen gjennom heile betalingsløpet, og det blir dermed mindre behov for manuell oppfølging og avstemming. Dette gjer til at både pengane og informasjonen kjem raskare fram til betalingsmottakar innan EU/EØS.

Dersom bedrifta di nyttar seg av eit ERP-/Økonomisystem for å sende betalingsfiler til banken som inneheld betalinger i euro, må de bytte til det nye filformatet ISO 20022 XML innan 31. Oktober 2016. Dette formatet vil erstatte dagens format for innsending av betalingsfiler (Telepay og Edifact). Det vil også kunne nyttast for å sende andre betalingsoppdrag enn betalinger i euro.

Unntak for mindre bedrifter

Kravet om nytt filformat gjeld i første omgang bedrifter som har meir enn 10 tilsette og/eller 2 millionar euro i omsetnad eller balanse.

I tillegg vil alle bedrifter i offentlig sektor med betalinger i euro bli omfatta.

Bedrifter som ikkje blir omfatta av regelverket kan sende filer i anna format inntil vidare.

Kva du må gjere

Kva løysing di bedrift treng avheng av kor mange betalinger i euro som blir utførte.

Mange betalinger i euro

Kontakt din leverandør av ERP-/Økonomisystem for å avtale ei oppgradering til nytt filformat (ISO 20022 XML). Dei vil kunne hjelpe deg med å sette opp systemet riktig. Ta deretter kontakt med oss når du er klar for å sende inn filer, så kan vi hjelpe deg i gang. Vi kan motta filer frå 15.09.16.

Om ERP-/Økonomisystemet ikkje kan generere nytt format, må fila konverterast hos ein tredjepart eller bli registrert manuelt.

Få betalinger i euro

Enkeltbetalinger til utlandet kan gjerast via nettbanken som tidlegare. Betalingane blir automatisk utført i samsvar med det nye regelverket.

Ingen betalinger i euro

Om di bedrift ikkje har betalinger i euro, treng du ikkje endre på noko.

Meldingstypar

Det blir i første omgang tilrettelagt for dei meldingstypane som lova krev; pain.001, pain.002 og pain.054d. I tillegg vil det og bli tilrettelagt for camt.055 og camt.029, som blir brukt i offentlig sektor.

Forklaring på dei ulike meldingstypane:

- Pain.001: betalingsoppdrag sendt til banken
- Pain.002: kvitteringsfil for banken som seier om mottatt oppdrag kan gjennomførast, eller om det inneheld feil (tilsvarande dagens mottaks- og avvisingsretur)
- Camt.054d: debetmeldinga som blir sendt betalar ved forfall, når beløp blir overført til mottakar (tilsvarande dagens avrekningsretur).
- Camt.055: Stoppeoppmoding eller kanselleringsmelding for tidlegare innsende betalingsoppdrag som enno ikkje er utførte.
- Camt.029: Resultat av kanselleringa som blir sendt frå banken (som svar på camt.055)

Foreløpig vil ikkje det vere behov for endring i format for OCR og Avtalegiro. Det blir likevel jobba med å endre format for fleire tenester, og på sikt vil alle filbaserte meldingar slik som kvitteringar og kontoutskrifter også bli sendt i det nye formatet. Dette vil du få informasjon om i god tid før endringane trer i kraft.